



G14-laget gjer det også godt på Ekeberg

To av dei tre Rosendalslaga i Norway Cup har spela i føremiddag og både jentelaget og gutelaget 15/16 går vidare etter å ha vunne 32-delsfinalen 3-1 over Kjapp og 16-delsfinalen 3-1 over Volsungur.

Jentelaget skal spela mot Hessa i ettermiddag og gutelaget mot Memin Funes eller Loen i ettermiddag.

Julie Skeie Olsen, som også var av dei fremste målscorarane i Danmark, sette inn eitt mål medan Ingeborg Ljoistveit ordna to.

Sondre Eskeland sto for alle Rosendalsmåla i gutekampen, som får attest for å ha vore svært god.

Gutar 14 skal møte Løvham i ettermiddag